

Åheim, 25.09.2017


Til dei føresette

TV-AKSJONEN 2017

TV-aksjonen NRK 2017 går til UNICEF sitt arbeid for å gje utdanning til barn som er ramma av krig og konflikt.

Åheim skule tek del i TV-aksjonen 2017, og vi er allereie i gong med ulike undervisningsopplegg i klassene. Desse finn de på:

<http://skole.salaby.no/tv-aksjonen-2017>



Skulen vil ha ei markering den 5.oktober frå kl 12.30 der vi arrangerer skuleløp. **Du er velkomen til å vere med i heiagjengen!** Elevane skal springe runder rundt skulen. Frå Gamlestova via Olivinhallen og tilbake. Ei kortare runde for dei minste elevane. I dette høvet vil barna dykkar be om at de sponsar kvar runde barnet ditt spring med eit visst beløp. Etter skuleløpet vil eleven sjølv fortelje dykk kor mange runder han/ho har gjennomført, og de vel å betale inn avtalt sponing sjølve. I tillegg vil vi selje bollar(kr 5.-) og saft(kr 5.-) der inntekta også vil gå til TV-aksjonen.

Du går fram slik når du betalar inn:

- Gå til nettsida: www.spleis.no/8606
- Trykk på den grønne knappen – "Betalt her"
- Deretter vel du om du vil betale med Vipps eller bankkort.
- Alle gåver er anonyme

Vi håpar å få inn eit flott bidrag frå dykk!

Kanskje vil Åheim skule oppleve å kome på rulleteksta under TV-aksjonsdagen den 22.oktober?

Då håpar vi at vi kan vere stolte av bidraget vårt!

Med helsing
Bodil Holsvik
rektor